



Fjell kommune
Rådmannen

ALKOHOLPOLITISKE RETNINGSLINER FOR FJELL KOMMUNE

LØYVEPERIODEN 2008-2012

Vedteke i Fjell kommunestyre 22.05.08 sak 66/08



Innhald:

1. Målsetjing:.....	3
2. Definisjonar	3
2.1 Alkoholgrupper (alkoholforskriftene §1-1):.....	3
2.2 Ambulerande skjenkeløyve (AL § 4-5).....	3
2.3 Skjenkeløyve for eit einskild høve (AL § 1-6 2. ledd).....	3
2.4 Slutta selskap.....	3
2.5 Daglegvarer	3
3. Generelle reglar	4
4. Behandling av søknader om sals- og skjenkeløyve.....	4
4.1 Krav til søknaden	4
4.2 Kontroll av opplysningar.....	4
4.3 Uttale frå andre instansar.....	4
4.4 Vilkår som må oppfyllest før løyvedokumentet vert utskrive.....	5
5. Salsløyve for alkohol gr. 1 (øl og rusbrus).....	5
5.1 Sal i daglegvarebutikkar.....	5
5.2. Skjerming	5
5.3. Tidsavgrensing	5
6. Skjenkeløyve for alkohol gr. 1, 2 og 3 (øl, vin og brennevin)	5
6.1 Skjenketak	5
6.2 Brennevinsløyve.....	5
6.3 Utandørs skjenking.....	5
6.4 Skjenkeløyve for båtar/skip.....	6
6.5 Ambulerande skjenkeløyve	6
6.6 Tidsavgrensa skjenking	6
6.7 Skjenketid.....	6
7. Krav til permanente skjenkestader	6
7.1 Eigarane.....	6
7.2 Vandel	7
7.3 Matsservering.....	7
7.4 Fellesareal i kjøpesentre	7
7.5 Kantinar / kafeteriaer.....	7
8. Kontroll og styring	7
8.1 Kontrollar	7
8.2 Samarbeid med politiet.....	7
8.3 Oversikt over kontrollar og tildelte løyver	7
8.4 Intensivering av kontroll	7
8.5 Prioritering	8
8.6 Kontroll av skjenkestader	8
8.7 Kontroll av utsalsstader	8
9. Brot på alkohollova og dei alkoholpolitiske retningslinene.....	8
10. Delegering	9
10.1 Kommunestyret avgjer	9
10.2 Delegert avgjerdsmynde.....	9
11. Løyveperiode.....	9
12. Retningsliner for tildeling av ambulerande skjenkeløyve.....	9
13. Tildeling av skjenkeløyve til kommunale institusjonar	10
13.1 Alminneleg skjenkeløyve	10
13.2 Lokale utan tilbod om matsservering.....	10
13.3 Skjenkeløyve for brennevin	10
14. Retningsliner for alkoholserving i kommunale bygg.....	11
15. Endring i retningslinene	11

1. Målsetjing:

Fjell kommune sin alkoholpolitikk i løyveperioden 2008 – 2012 skal bygga på alkohollova (AL) sitt føremål slik dette er definert i § 1-1

”Regulering av innførsel og omsetning av alkoholholdig drikk etter denne lov har som mål å begrense i størst mulig utstrekning de samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innbære. Som et ledd i dette sikter loven på å begrense forbruket av alkoholholdige drikkevarer.”

Dette vil kommunen gjera gjennom:

1. ”Satsing på dei målsetjingane som ligg føre i Tiltaksplan mot rus 2002-2005.”
2. ”Praktisering av retningsliner for sals- og skjenkeløyve”.

2. Definisjonar

2.1 Alkoholgrupper (alkoholforskriftene §1-1):

- Alkoholfri drikk: Drikk som inneheld under 0,7 volumprosent alkohol
- Alkoholsvak drikk: Drikk som inneheld mellom 0,7 og 2,5 volumprosent alkohol
- Alkoholhaldig drikk gr. 1: Drikk som inneheld over 2,5 og høgst 4,7 volumprosent alkohol - øl og rusbrus
- Alkoholhaldig drikk gr. 2: Drikk som inneheld over 4,7 og mindre enn 22 volumprosent alkohol - vin
- Alkoholhaldig drikk gr. 3: Drikk som inneheld mellom 22 og 60 volumprosent alkohol - brennevin

2.2 Ambulerande skjenkeløyve (AL § 4-5)

Eit skjenkeløyve som vert gitt for eit enkelt arrangement for skjenking til deltakarar i slutta selskap.

2.3 Skjenkeløyve for eit einskild høve (AL § 1-6 2. ledd)

Eit skjenkeløyve som vert knytt til eit bestemt arrangement opent for allmenta, t.d. konsertar, messar o.l.

2.4 Slutta selskap

Med ”**slutta selskap**” meiner vi at det allereie, og før skjenkinga tek til, er danna ein slutta krets av bestemte (inviterte) personar som samlast for eit bestemt føremål i eit bestemt lokale på skjenkestaden, t.d. bryllaup, jubileum og liknande. Arrangementet må ikkje vera ope for utanforståande. Det er ikkje nok at man før skjenkinga tek til, skriv seg på ei liste eller kjøper billett. Lag og organisasjonar med avgrensa medlemsskap vert i seg sjølv ikkje rekna som slutta selskap.

2.5 Daglegvarer

Som **daglegvarer** vert rekna matvarer og andre nærings- og nytingsmidlar, dyremat, vaske- og reingjeringsmidlar, toalettartiklar, hushaldningsvarer av papir, plast, bone-, reinse- og pussemidlar. Butikken må ha eit matvaretilbod som er klart breiare enn dei tradisjonelle

kioskar. Det er omsetninga av vareslag som er avgjerande for korvidt staden kan reknast som ein daglegvarebutikk, eller om det er ein kiosk. Vareutvalet i hyllene er ikkje nok.

3. Generelle reglar

- Dei som søker løyve skal ha skriftleg informasjon om retningslinjer /forskrifter som gjeld for sals- og skjenkeløyve.
- Løyveavgifta skal øyremerkast til førebyggjande og haldningsskapande arbeid, samt til kontroll.
- Årsavgift for sals- og skjenkeløyve skal vera betalt før fornying av løyvet vert gjeve.
- Manglande innbetaling av årsavgifta skal automatisk føre til inndraging av løyvet

4. Behandling av søknader om sals- og skjenkeløyve

4.1 Krav til søknaden

Søknad om sals- og skjenkeløyve skal innehalde følgjande opplysningar:

- Namn og adresse på ”den for hvis regning virksomheten drives”. Dersom verksemda skal drivast av ein juridisk person, skal det også følgja opplysningar om
 - Organisasjonsnr. og eigarsamansetning
- Type verksemd, driftskonsept
- Stadfesting, adresse, på den staden verksemda skal drivast
- Namn og adresse på leiar og nestleiar med opplysningar om deira tilknytning til verksemda.
- Dokumentasjon av leigetilhøve/eigartilhøve for lokala der verksemda skal drivast
- Firmaattest for alle selskap som er involvert i verksemda. Attestane skal ikkje vera eldre enn to månader.
- Skatte- og avgiftsattestar for ”den for hvis regning virksomheten drives” og for den personkrets som er opprekna i alkoholloven § 1-7b. Attestane skal ikkje vera eldre enn to månader.
- Godkjente internkontrollrutinar etter alkohollova sine forskrifter kap 8. Kommunen er godkjenningssinstans.
- Dersom søknaden gjeld skjenking i ei verksemd som allereie har serveringsløyve, skal serveringsløyvet leggjast ved søknaden.
- Båtar og skip som søker om skjenkeløyve skal leggja ved kopi av godkjenning frå skipskontrollen, passasjersertifikat og sikkerheitssertifikat.
- Teikningar der skjenke- / salsarealet er skravert.

4.2 Kontroll av opplysningar

Kommunen kan kontrollera opplysningane i søknaden ved oppslag i Brønnøysundregistrene og ved å innhente opplysningar frå andre etatar etter behov. Søklar må dokumentera at internkontroll er oppretta i bedrifta.

4.3 Uttale frå andre instansar

Søknader om løyve skal føreleggjast sosialtenesta og politiet. Søknader om endringar i eksisterande løyve skal føreleggjast politiet. Uttale frå andre etatar t.d. skattevesen og arbeidstilsyn kan innhentast etter behov.

4.4 Vilkår som må oppfyllest før løyvedokumentet vert utskrive

Etter at vedtak om å tildela løyve er gjort, må løyveharar dokumentera følgjande før løyvedokumentet vert utskrive:

- Bruksløyve frå eigedomssjefen som viser at lokalet er godkjent for serverings/skjenkeverksemd
- Dokumentasjon på at verksemda er registrert i meirverdiavgiftsmanntalet
- Dokumentasjon på at styrar og avløyssar har greidd kunnskapsprøven etter alkoholloven § 1-7c, 3. ledd
- Dokumentasjon frå brannvesenet på maksimalt persontal for skjenkelokalet
- Innbetalt løyvegebyr for inneverande år
- Dokumentasjon på at verksemda har serveringsløyve

5. Salsløyve for alkohol gr. 1 (øl og rusbrus)

5.1 Sal i daglegvarebutikkar

Det kan seljast alkohol i gr. 1 i daglegvarebutikkane i Fjell. Salsløyve vert gjeve i samsvar med alkoholloven § 3-1, 2. ledd og § 3-2.

5.2. Skjerming

Rådmannen skal oppmoda butikkkane gjennom praktiske tiltak å skjerme barn og unge i størst mogeleg grad mot lettvin tilgang på alkoholvarer.

5.3. Tidsavgrensing

Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk i gr. 1 kan skje frå kl. 07:00 til kl. 20:00 på kvardagar og til kl. 18:00 på dagar før sun- og helgedagar, med unntak av dagen før Kristi Himmelfartsdag.

6. Skjenkeløyve for alkohol gr. 1, 2 og 3 (øl, vin og brennevin)

Det kan i Fjell kommune søkjast om skjenkeløyve for alkohol gr. 1, 2, og 3.

6.1 Skjenketak

Det er ikkje fastsett skjenketak.

6.2 Brennevinsløyve

Det kan søkjast om fast brennevinsløyve (alkohol gr. 3) for serveringsstader.

6.3 Utandørs skjenking

- Løyve til utandørs skjenking kan berre gjevast til serveringsstader med alminneleg skjenkeløyve – og gjeld berre for skjenking av alkohol i gr. 1 og 2. Der tilhøva ligg til rette for det, kan det utover dette gjevast løyve til skjenking av brennevin til slutta selskap.
- Skjenking utandørs skal skje på ein måte som ikkje forstyrrar naboskapet. Skjenkeområdet skal vera tydeleg fysisk avgrensa og avskjerma, slik at det har like god inngangs-, alders-, og sosialkontroll som for innandørs skjenking.
- Brann- og bygningsstyresmaktene skal ha godkjent området og sett ei øvre grense for tal sitjeplassar. Politiet skal ha høve til å uttale seg om søknaden.

6.4 Skjenkeløyve for båtar/skip

- Det kan gjevast skjenkeløyve for øl og vin til båtar og skip som driv turverksemd i nære fjordområde for turistar og slutta selskap.
- Løyvet gjev berre rett til å skjenka til passasjerar om bord.
- Dersom båten legg til lands undervegs, kan det ikkje skjenkast til andre enn dei som følgjer båten.
- Ved endestasjonane må det i det heile ikkje skjenkast.

6.5 Ambulerande skjenkeløyve

Det kan søkjast om ambulerande skjenkeløyve for alkohol gr. 1, 2 og 3 til slutta selskap jfr. AL § 4-5.

6.6 Tidsavgrensa skjenking

Når tilhøve ligg til rette for det, kan det gjevast løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk gr. 1 og 2, for eit bestemt høve, eller ein bestemt del av året – på ein stad som kan godkjennast for skjenking, jfr. AL § 1-6 2. ledd.

- **Opne arrangement**
Eingongsarrangement som er kunngjort opne for ein vidare krets av personar, utan krav om at arrangøren har fullstendig oversikt over deltakarane – kan få skjenkeløyve for alkohol gr. 1 og 2.
- Det kan ikkje gjevast skjenkeløyve til **idrettsarrangement** eller tilskipingar som har barn og unge som målgruppe.
- **Spesielle arrangement**
Arrangement som messer, lokale festspel mv., og som oppfyller alle vilkåra for skjenking, kan få alminneleg skjenkeløyve for alkoholgruppe 1 og 2 så lenge arrangementet varer.

6.7 Skjenketid

Tidsavgrensinga for skjenking av alkoholhaldig drikk i Fjell kommune følgjer alkoholloven §4-4. D.v.s. for alkohol gr. 1 og 2 frå kl. 08:00-01:00. For alkohol gr. 3, frå kl. 13:00-24:00.

7. Krav til permanente skjenkestader

Ved tildeling av skjenkeløyve skal det leggjast vekt på følgjande forhold:

7.1 Eigarane

Eigarane må ha seriøs bakgrunn og driva staden seriøst med eit solid økonomisk fundament. Det vert først opna for servering av alkohol gr. 1 og 2. Etter ei prøvetid på minimum 1 år kan det søkjast om fast skjenkeløyve for alkohol gr. 3.

7.2 Vandel

Søklarane må ha ein uklanderleg vandel og fylla krava som alkoholloven og kommunen sine retningsliner set til løyvehavar og andre personar i verksemda.

7.3 Matsservering

Alle type skjenkestader må ha tilgang på mat. Gjester må kunne kjøpa mat heilt fram til minst 1 time før ordinær stenetid. Som mat vert rekna både varm mat og kald mat, også brødmatt. Snacks vert ikkje å rekne for mat.

7.4 Fellesareal i kjøpesentre

Serveringsstader som er opne ut mot fellesareal i kjøpesenter, kan ikkje få skjenkeløyve i senteret si opningstid.

7.5 Kantinar / kafeteriaer

Kantinar/kafeteriaer på arbeidsplassar kan ikkje få fast skjenkeløyve, med mindre det blir nytta som selskapslokale etter ordinær arbeidstid (t.d. når lokalet vert leigt eller lånt ut til privatperson for eit enkelt bestemt høve til slutta selskap).

8. Kontroll og styring

8.1 Kontrollar

Sals- og skjenkestader med løyve skal kontrollerast så ofte det er behov. Kvar stad skal kontrollerast minst ein gong årleg. Det skal utførast minst tre gonger så mange kontrollar som det er sals- og skjenkestader jfr. alkoholforskriftene § 9-7. Det er ein føresetnad at kontrollen vert utført i samarbeid med:

- branntilsyn etter brannlova
- ordenskontroll etter politivedtektene.

8.2 Samarbeid med politiet

Kommunen skal ha samarbeid med politiet for å sjå om det er problem, og om det er tilfellet, intensivere kontrollen der.

8.3 Oversikt over kontrollar og tildelte løyver

Komite for finans og forvaltning skal ha førelagt seg ei politisk sak, minst ein gong årleg, med oversikt over alle utførte kontrollar i kommunen, samt med oversikt over alle tildelte løyver (både faste, ambulerande og løyver for eit einskilt høve). Saka skal leggest fram for kommunestyret som meldingssak.

8.4 Intensivering av kontroll

Kontrollen vert intensivert på skjenkestader med sein opningstid. Dei ambulerande skjenkeløyva kan kontrollerast etter nærare avtale med kontrollørane.

8.5 Prioritering

Kommunen skal prioritera arbeidet med å få bort ulovleg skjenking og sal. For å få dette til er det nødvendig med eit samarbeid med politiet.

8.6 Kontroll av skjenkestader

Kontroll av skjenkestader skal m.a. omfatta:

- skjenking til synleg rusa person
- aldersgrensereglementet for gjester og skjenkepersonalet
- skjenketid/opningstid
- eventuelt forbod mot skjenking
- skjenking utover omfanget av løyvet
- skjenkestaden si plikt til å føre alkoholsvak og alkoholfri drikke
- tilhøvet mellom talet på personell og gjester i høve til skjenkestaden/lokalet
- om skjenkestaden held reklameforbodet
- generell orden i lokalet

8.7 Kontroll av utsalsstader

Kontroll av utsalsstader skal m.a. omfatte:

- sal til synleg rusa personar
- aldersgrensereglementet for kundar som kjøper alkohol og for personalet som sel alkohol
- sal utover løyvet sitt omfang
- om reklameforbodet vert halde.

9. Brot på alkohollova og dei alkoholpolitiske retningslinene

Ved brot på retningslinene i alkohollova eller på kommunen sine alkoholpolitiske retningsliner skal det reagerast med inndraging av løyvet for eit tidsrom på 1 veke til 3 månader. Ved nye brot på regelverket fell løyvet bort. Inndragingsreglane er heimla i AL § 1-8.

Ved særleg grove brot på regelverket kan det reagerast med inndraging i minimum 1 måned allereie etter første brot.

Følgjande vert normalt å rekne for **grove brot**:

- Brot på reglane om alder og om sal og skjenking til synleg rusa personar
- Vesentlege brot på brannforskriftene
- Vesentlege brot på skatte- og avgiftsreglementet. Dersom det vert avdekka vesentlege brot på skatte- og avgiftsreglementet, vert sals- eller skjenkeløyvet inndrege for minimum 3 månader allereie etter første brot. Kva som er vesentlege brot på skatte- og avgiftsreglementet vert fastsett i samsvar med retningsliner utarbeidd av sentrale styresmakter.
- Vesentlege brot i forhold til tilsette og arbeidsmiljølova. Dersom det vert avdekka vesentlege brot i forhold til tilsette og arbeidsmiljølova, kan skjenkeløyvet verta inndrege inntil 3 månader allereie etter første brot. Kva som er ”vesentlege brot” vert fastsett etter drøftingar med Arbeidstilsynet.

- Gjentatt diskriminering av grunnar nemnd i straffelova § 349 a, jfr. AL § 1-8 3. ledd.

10. Delegering

10.1 Kommunestyret avgjer

Kommunestyret tek avgjerd i saker som gjeld:

- Tildeling av faste sals- og skjenkeløyve, herunder skjenkeløyve til båt/skip
- Fastsetjing av skjenketider

10.2 Delegert avgjerdsmynde

Kommunestyret delegerer avgjerdsmynde elles så langt alkohollova/kommunelova tillet.

Delegerte oppgåver:

- Rådmannen tek avgjerd om tildeling av løyve for "en enkelt anledning" etter § 1-6 2. ledd
- Rådmannen tek avgjerd om tildeling av ambulerande skjenkeløyve
- Rådmannen tek avgjerd i søknad om å utvida skjenkelokalet for løyver gjeve for eit einskild høve (opne arrangement)
- Rådmannen fastset løyvegebyr
- Rådmannen godkjenner skifte av styrar og avløysar
- Rådmannen har avgjerdsmynde for det som gjeld inndraging av sals- og skjenkeløyve
- Rådmannen godkjenner internkontrollrutinar etter alkoholforskriftene kap. 8

11. Løyveperiode

Kommunalt løyve kan gjevast for periodar på inntil 4 år med slutt seinast 30. juni året etter at nytt kommunestyre tiltrådde, jfr. AL § 1-6 1. og 2. ledd.

12. Retningsliner for tildeling av ambulerande skjenkeløyve

- Skjenking i medhald av ambulerande løyve kan berre skje til deltakarar i slutta selskap som vert halde i private eller offentlege lokale.
- Ambulerande skjenkeløyve for alkohol gr. 1, 2 og 3 kan innvilgast til person over 20 år, eller til ein juridisk person, som ein må tru ikkje vil misbruka løyvet. Det kan berre gjevast ambulerande skjenkeløyve til fysisk eller juridisk person som frå før ikkje har skjenkeløyve for den alkoholtypen som skal skjenkast.
- Ambulerande skjenkeløyve for alkohol gr. 3 kan berre gjevast dersom det også er/vert gjeve skjenkeløyve for alkohol gr. 1 og 2. Ambulerande skjenkeløyve for alkohol gr. 3 føreset at den skjenkestad eller person som søkjer om slikt løyve, anten har fast skjenkeløyve for alkohol gr. 1 og 2 frå før, eller får ambulerande løyve for alkohol gr. 1 og 2.
- Skjenketida ved bruk av ambulerande løyve skal følgja tidsavgrensinga i alkoholloven § 4-4. Dvs. for alkohol gr. 1 og 2 frå kl. 08:00-01:00. For alkohol gr. 3 frå kl. 13:00- 24:00.

- I medhald av alkoholloven og kommuneloven får rådmannen delegert mynde til å ta avgjerd i søknader om ambulerande skjenkeløyve.
- Søknad og vedtak om ambulerande skjenkeløyve skal vera skriftlege.
- Avslag på søknad om ambulerande skjenkeløyve skal vera skriftleg og grunngjeve i samsvar med reglane i forvaltningslova. Eit vedtak om ambulerande skjenkeløyve kan påklagast til Komite for finans og forvaltning, klagen har ikkje oppsettjande verknad (klageinstans er Fylkesmannen).
- Løyveavgifta vert sett etter dei til einkvar tid gjeldande satsar i alkoholforskriftene (jfr. § 6-2 2.ledd). Avgifta er per 01.01.08 kr. 250,- pr. gang det ambulerande skjenkeløyvet er i bruk. Det skal ikkje betalast eingongsavgift for bruk av ambulerande skjenkeløyve for alkohol gr. 3, dersom løyvet er utstedt til person som frå før har skjenkeløyve for alkohol gr. 1 og 2.
- Bruk av ambulerande skjenkeløyve skal kontrollerast etter vanlege kontrollrutinar. Kontrollørane og Lensmannen skal ha melding om utskriving av løyve.

13. Tildeling av skjenkeløyve til kommunale institusjonar

13.1 Alminneleg skjenkeløyve

Det kan gjevast alminneleg skjenkeløyve for alkohol gr. 1 og 2 til kommunale institusjonar dersom staden har eit tilbod om middagsservering i minst to timar alle dagar det vert halde ope. Tilbodet om middag må omfatta fleire rettar og ein variert vekemeny.

Ved tildeling av løyve til denne type stader er det ikkje krav om at bestilling og servering av mat og drikke må skje ved borda.

Staden må ha ei målgruppe og ein profil som er retta inn mot dei som bur i institusjonen, eller servicebustadene, og andre pensjonistar.

Dersom staden vert drive som selskapslokale, kan utleige til slutta selskap skje i høve til det alminnelege skjenkeløyvet. Drift av alminneleg restaurant er ikkje tillate dersom målgruppa avvik frå det som er sagt ovanfor.

13.2 Lokale utan tilbod om matsservering

Andre lokale i institusjonen, lokale der det ikkje er tilbod om matsservering, kan tildelast skjenkeløyve for alkohol gr. 1, 2 og 3 til slutta selskap.

13.3 Skjenkeløyve for brennevin

Skjenkeløyve for alkohol gr. 3 kan tildelast dersom institusjonen har hatt skjenkeløyve for alkohol gr. 1 og 2 i minst eitt år, utan at det har vore vesentlege merknader til utføringa.

14. Retningslinjer for alkoholserving i kommunale bygg

29.11.01 vedtok kommunestyret retningslinjer for alkoholserving i kommunale bygg (sak 00/4454). Det vart gjort revidering av retningslinjene i kommunestyremøtet 11.05.06 (sak 05/4796) og 31.01.08 (sak 13/08).

- Det er ikkje tillate med alkoholserving i barne- og ungdomsskular unntateke det kombinerte anlegget på Bjørøyna, jfr. Opplæringslova § 9-5 3. ledd
- Det er ikkje tillate med alkoholserving i barnehagar
- Det er tillate med alkoholserving i kulturhuset, samt utleige til private arrangement
- Det er tillate med alkoholserving i rådhuset, samt utleige til private arrangement
- Det er tillate med alkoholserving i Bildøyhallen og Ågotnes Idrettshall ved større arrangement

15. Endring i retningslinjene

Kommunestyret kan gjera endringar i retningslinjene i løyveperioden.